

## **Saksprotokoll i utval for kultur, idrett og regional utvikling - 18.01.2017**

**Karina Garnes Reigstad (MDG)** stilte spørsmål om ho var ugild fordi ho er tilsett i Hordaland fylkeskommune, næringsseksjonen og er saksbehandlar for Klimapartner Hordaland.

Reigstad gjekk frå under vurderinga av spørsmålet om ho var ugild. Utval for kultur, idrett og regional utvikling vedtok samrøystes at Karina Garnes Reigstad var ugild, jf. kommunelova § 40 nr. 3, forvaltningslova § 6, 2. ledd.

Karina Garnes Reigstad gjekk frå under behandlinga av saka. Det var 11 representantar til stades.

### **Røysting**

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

### **Innstilling til fylkesutvalet**

1. Fylkesutvalet i Hordaland tar saka til orientering og støttar at Klimapartner Hordaland vert vidareført.
2. Klimapartner Hordaland held fram som tiltak i klimaplanens handlingsprogram for perioden 2017 - 2020. Innan utgangen av 2019 må ein vurdere fylkeskommunen si rolle og eventuell økonomisk støtte på nytt.
3. Fylkesutvalet føreset at Hordaland fylkeskommune får ein plass i styringsgruppa.